

Førde, 15.09.16.

Til Eldreråda og Råda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane.

## **Orientering frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fj. til eldreråda og til råda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.**

Pensjonistforbundet meiner eldreråda i kommunane er svært viktige i arbeidet for å ivareta interessene til alle grupper av pensjonistar, eldre og funksjonshemma ute i kommunane. Og, som ein politiskar har sagt: Vi bur alle i ein kommune.

Denne gongen ynskjer vi særleg å orientere/minne om fylgjande:

### **Arbeidsvilkåra for eldreråda:**

- God og stabil sekretærordning er avgjerande for at råda skal fungere godt.
- Råda må få sakene tilsendt i god tid, slik at evt. synspunkt vert med i den kommunale handsaminga.
- Råda har uttalerett i alle saker som vedkjem vilkåra for eldre/funksjonshemma i kommunen.
- Råda kan ta opp saker på eige initiativ.

### **Viktige saker Pensjonistforbundet Sogn og Fj. vil peike på:**

Vedlagt fylgjer kopi av skriv som vi nyleg har sendt til fylkeskommunen v/Samferdsleutvalet.

- Det er ein styrke dersom eldreråda og kommunane også engasjerer seg i desse og liknande saker. Det kan vere tilhøve rundt i distrikta som vi ikkje er kjende med, men som dei einskilde eldreråda kjenner til og kan ta opp, gjerne fyrst med eigen kommune.
- I saker som gjeld større område, eller heile fylket, må de også gjerne ta kontakt med fylkeseldrerådet.
- Velferdsteknologi er viktig og vert endå viktigare. Her ligg gode muligheiter for betra tryggleik og livskvalitet, men velferdsteknologien kan også brukast på ein uheldig måte.

Pensjonistforbundet har engasjert seg i saka, og vil vere med og påverke utviklinga.

Vedlagt fylgjer skriv frå Pensjonistforbundet sentralt om velferdsteknologiambassadørar. Vi skal finne 5 kandidatlar i Sogn og Fjordane. Det er bra dersom vi kan få tips om personar som er aktuelle.

Med helsing

Per Kjelstad  
Styreleiar

Laila Hage  
Dagleg leiar